




ALANIS MORISSETTE VERT MUSIKAL

Musikalen basert på heile diskografien til Alanis Morissette, og særskilt på albumet frå 1995, *Jagged Little Pill*, har fått premieredato. Musikalen vart annonsert i 2013, og 18. mai 2018 får publikum sjå verket for første gong i Cambridge i Massachusetts. Musikalen er komponert av Pulitzer-vinnar Tom Kitt og følgjer boka til Oscar-vinnande manusforfattar Diablo Cody.

The Unthanks
DIVERSIONS VOL. 4The Songs And Poems
Of Molly Drake

rom. Det dreier seg om eit familieforetak: Adrian McNally, komponist, pianist, og produsent, er gift med Rachel. The Unthanks er dermed eit fellesskap som lever saman og samlar seg om musikken.

GRIPANDE

At dette tilfører uttrykket på *The Songs and Poems of Molly Drake* ein eigen nærleik, kan det ikkje vere mykje tvil om, og nærleiken vert ikkje mindre av at dotter til Molly, skodespelaren Gabrielle Drake, også er med og resitere

rer fleire av dikta til mor si.

Det er noko gripande over kunst som vert plassert i ein skuff, og deretter får kvile der i fleire tiår, før nokon får han fram i lyset, slik at han endeleg kjem til sin rett. Vi kan aldri få vite kva Molly Drake hadde tenkt om ho fekk lytte til dette albumet, men det går an å gjette seg til at ho ville ha vore mektig stort.

ØVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Arkivet: Oldhams Merle

Songtvalet på den nye plata til Bonnie «Prince» Billy (Will Oldham), *Best Troubador* (Drag City), har overraska fleire: At han har fylt ei heil plate med Merle Haggard-tolkningar er for så vidt inga bombe, men mange vart overraska over at det er såpass få låtar frå dei eldre platene i samlinga.

For nokre veker sidan fortalte Oldham Rolling Stone at han syntest Haggard verkeleg vart interessant midt på 1980-talet. Mykje av det vi får høyre på *Best Troubador* er dermed av nyare dato.

Det var i desember 2015 at Oldham gav bandet sitt ei liste med Haggard-songar han ville dei skulle framføre på konsert. Då Haggard gjekk bort i april 2016, vurderte han å skrinlegge prosjektet. Han vart redd for at albumet ville verte forstøtt på



ein annan måte enn han hadde tenkt. Men denne våren var tida moden. *Best Troubador* passar til årstida. Det er ei lys og varm plate. Skikkeleg triveleg selskap, rett og slett.

ØVIND VÅGNES

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

Elegisk åre

Rikard Nordraak var i stand til meir enn nasjonal, patosfylt festmusikk.

CD

RIKARD
NORDRAAK:Songs and
Piano Music

HELENDE WOLD,

SOPRAN; EUGENE

ASTI, KLAVER. LAWO 2017

«Nei, saa skal vi to store Mænd virkelig træffe hinanden!» utbraut Rikard Nordraak fyrste gong han møtte den eitt år yngre Edvard Grieg i Tivoli i København i 1864. Grieg, som dei fleste andre samtidige i norsk åndsliv, blei hugteken av denne raudhåra, unge mannen med det æregjerrige blikket og dei smale, energiske leppene. Ambisjonane lyste av han, skreiv Grieg i eit brev 20 år seinare: «Holdning, Gestus, Organ, alt tydede på, at jeg her befandt mig ligeoverfor en Mand, der følte sig som Fremtidens Bjørnson plus Ole Bull.» Det motsette av Grieg sjølv, altså, som kjende seg som «Elev, intet andet, der-til frygtsom, menneskesky og sygelig». Det seier sitt at jamvel Nordraaks fetter Bjørnson, som vel åtte Noregs største ego, lét seg fengsla: «Jeg



Nordraaks gravbauta i Jerusalem Kirkehof i Berlin. Foto: Wikimedia



«Det mest henrivende unge Menneske, jeg har mødt», sa Bjørnson om den unge komponisten Rikard Nordraak (1843–1866). Foto: Nasjonalbiblioteket

tør nok sige, at i Omgang var han [Nordraak] det mest henrivende unge Menneske, jeg har mødt» og «den uden Sammenligning mest begavede».

KORKJE OPERA ELLER SYMFONI

Ville Nordraak makta å skriva den store norsk-nasjonale operaen eller den store nasjonale symfonien som Bjørnson håpa på, og som Grieg aldri makta å fullføra? Det får me aldri vita – våren 1866 blei den tærings-sjuka 23-åringen ført til grava i Jerusalem Kirkehof i Berlin, med husverten og ein gamal jødisk kjenning som einaste gravfylgje. I den korte levetida klarte han likevel å skriva verk som er blitt del av den nasjonale arven vår, fyrst og fremst melodien til *Ja, vi elsker*, urframført under 50-årsmarkeringa for Grunnlova på Eidsvoll, og songane *Nordmandssang* («Der ligger et land») og *Olav Trygvason* («Brede sejl over Nordsjø gaar») – alt til dikt av Bjørnson.

UNDERTRYKTE HIKST

Men at Nordraak var i stand til meir enn nasjonal, patosfylt festmusikk, syner det flotte albumet til sopranen Helene Wold og pianisten Eugene Asti, som gjev oss romansar og

klavermusikk. Særleg imponert er eg av klavermusikken. Opningssporet på plata, ein stutt *Valse-caprice* for soloklaver, syner at Nordraak hadde ein velutvikla elegisk åre. Den korte, tredelte innleiinga før sjølve valsen er som eit smertefullt minne etter kjærleik som aldri blei levd ut, med undertrykte hikst og melodiliner som løyser seg opp i tagnad. Asti spelar stykket utan uturvande fakter og med utprega sans for dei små tempovariasjonane som gjev hjartepuls og andedrøtt til romantisk musikk som dette.

Valsen har ikkje noko norsk-nasjonalt ved seg. I stykket *Allegro* finn me derimot dei snogge ornamenta frå hardingfelemusikken og dei breie, liggjande akkordane frå langeleikmusikken. Men heilt fri for europeisk kunstmusikk er heller ikkje denne komposisjonen – måten Nordraak på wienarklassisk vis stundom lét venstrehanda (som spelar bassen) ta over hovudmelodien som kontrapunkt, minner om Mozart og Schubert.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmedlar i Dag og Tid.

Katolsk johannespasjon

CD

ALESSAN-
DRO
SCARLATTI:Passio
Secundum
JohannemCHEŒUR DE
CHAMBRE DE NAMUR; MILLENIUM
ORCHESTRA; DIR.: LEONARDO
GARCÍA ALARCÓN. RICERCAR 2017

Høyrrer me omgrepet *johannespasjon*, tenkjer me straks på J.S. Bach. Slike storslegne tonesetjingar av Jesu lidings-soge blei då òg hovudsakleg kultiverte i dei protestantiske delane av Tyskland. Men på den nye plata si gjev dei ypparlege songarane i belgiske Chœur de Chambre de Namur oss eit sjeldsynt døme på ein katolsk pasjon, eit meisterleg ungdomsverk komponert

i Napoli i Bachs fødeår 1685 av Alessandro Scarlatti (1660–1725). Hovudskilnaden mellom Bachs og Scarlattis *Johannespasjon* er at fyrstemnde legg til grunn ein kombinasjon av bibeltekst og nydikta, kommenterande poesi, medan sistnemnde held seg slavisk til den latinske evangelieteksten.

SJUR HAGA BRINGELAND